

# KLASSEKAMPEN

Ansvarlig redaktør: Mari Skurdal  
 Administrerende direktør: Christian Samuelsen  
 Nyhetssjef: Simen Tallaksen og Lars Unar Larsen Vegstein  
 Kulturredaktør: Bendik Wold  
 Utenriksredaktør (fung.): Axel Geard Nygaard  
 Featureredaktør: Velauug Hobbestad Sælid  
 Politisk redaktør: Bjørgulv Braanen  
 Utviklingsredaktør: Katrine Ree Holmøy  
 Utgitt av © Klassekampen AS.  
 Ettertrykk og elektronisk videre distribusjon forbudt uten etter særskilt avtale.

## By og land

■ I mange land vokser storbyene, mens rurale områder blir hengende etter. Veier blir ikke vedlikeholdt, og offentlige tjenestetilbud forsvinner. Folk i provinsen føler seg forlatt og oversett, noe som allerede har fått farlige politiske konsekvenser. Denne utviklingen fører ikke bare til økende sosiale forskjeller, den er også et økonomisk problem, fordi mange viktige bedrifter og virksomheter er lokalisert utenfor metropolene. De er avhengig av levende lokalsamfunn og infrastruktur. I Norge ligger naturressursene som har vært avgjørende for vår rikdom – skog, fisk, jord, mineraler og fossefall – spredt utover hele landet. Vi er derfor avhengig av at det bor og arbeider folk i hele Norge og at de tilbys gode liv uansett hvor de har et utkomme.

■ Å få til en mer balansert utvikling mellom sentrum og periferi står øverst på den politiske dagsordenen i mange land. I Storbritannia satser regjeringen på å løfte nedslitte regioner i Nord-England og Midlands. Et av tiltakene er å flytte statlige arbeidsplasser ut av London. Bolig- og kommunaldepartementet flytter nå deler av virksomheten til Wolverhampton, mens Industri- og næringsdepartementet og Innenriksdepartementet desentraliserer tjenester til byer som Cardiff, Stoke, Birmingham og Edinburgh. I Danmark går regjeringen inn for å flytte utdanningsinstitusjoner ut av København.

■ I Norge har tilsvarende forslag om å flytte ut statlige arbeidsplasser og institusjoner blitt møtt med svært negative reaksjoner. Da Åslaug Sem-Jacobsen (Sp) ville ha et løft for kulturlivet i Distrikts-Norge og luftet tanken om å flytte kulturinstitusjoner ut av Oslo, hevdet kulturminister Abid Raja (V) at hun «nørte oppunder by-land-konflikten». Men er det virkelig Sem-Jacobsen – og Boris Johnson – som vil flytte statlige arbeidsplasser ut av hovedstadsregionene for å skape en bedre balanse mellom by og land, som nører oppunder by-land-konflikten, eller er det tvert imot politikere som nekter å innse at etter milliardinvesteringer i Oslo-området til kulturbygg, storstilte motorveier og nytt regjeringskvartal er det nå resten av Norge sin tur.

BJØRGULV BRAANEN

## Eksplasjonene i Stowmarket

Kalenderen  
**11. AUGUST**


For 149 år siden i dag, fredag 11. august i 1871, skjedde en ulykke på Stowmarket Guncotton-fabrikken i Suffolk i England.

Fabrikken produserte sprengstoffet skytebomull, også kjent som nitrocellulose. Dette framstilles fra cellulose som behandles med og salpeter- og svovelsyre, skriver Wikipedia.

Arbeiderne hadde nylig kommet tilbake fra lunsj da den første eksplosjonen gikk av på fabrikken rundt klokka to.

Omtrent 130 ansatte skal ha vært til stede. For å hindre flere eksplosjoner begynte de å flytte esker med skytebomull, men én time seinere skjedde det nok en eksplosjon, ifølge Wikipedia.

Flammene var synlige milevis unna, og eksplosjonene skal ha vært så kraftige at vinduene i nabo-byene Diss og Southwold ristet.



Struktur til nitrocellulose

188 personer ble døde som følger av eksplosjonene. Omtrent 70 ble skadet, og 28 mennesker omkom. Mange var under myndighetsalder – flere så unge som tolv år.

Årsaken ble undersøkt og anslått til å være sommervarmen, men svært dårlige sikkerhetsrutiner skal også ha vært en avgjørende faktor, skriver Wikipedia.

Først i 2014 ble det reist et minnesmerke på kirkegården i Stowmarket over de omkomne. **RR**

Den arge, unge bonden snakker til meg, deg – og heile verda.

# Det går av hengsla



Bjørn Egil Flø  
**FOKUS**

Han var ung, mellom 20 og 25 år gamal, bonden som snart skal ta over farsbruket. Eg møtte han ein varm og fin ettermiddag i mellomslått, og den største uroa han bar på var omsuta for eit matvaresystem som han sjølv meinte «held på å gå av hengsla».

Han er ein av mange bønder og bygdefolk som eg har møtt oppgjennom åra som alle har synt meg ein klokskap som overgår min eigen så vel som dei fleste av mine sprenglærde forskarkollegaer. Til forskjell frå meg og dei fleste andre som er betalt for å sjå når verda går av hengsla, så har denne ungdommen sett det utan å korkje ha teke eit einaste universitetsfag eller vore engasjert i radikale ungdomspolitiske rørsler. Det einaste han har gjort er å freiste tenke ut korleis han skal drive eit gardsbruk med 30 mjølkekyr og nokre oksekalvar på før.

Det var matvaresystemet han snakka om, eit matvaresystem som eg nyleg har lært av mine fagfellar skal omtalast i fleirtal fordi det er ulike system knytt til ulike matvarer. «Tull», seier den unge bonden, «det er nok mange produksjonssystem, men matvaresystemet er

det same for alle. Det er eit industrialisert system», seier han og held fram «og det er industri-tenkinga som har løfta det heile av hengsla».

Han er tydeleg engasjert i saka han no legg fram for meg. Det er ikkje løye, tenkjer eg, det er tross alt si eiga framtid han snakkar om. Men sjølv meiner han det er vel så mykje mi og du som les dette sin framtid.

«Me har gradvis gjort oss meir og meir sårbarare for utfordringane me leier har vist me vil møte», seier han. «Me har konsentrert matproduksjonen vår på mindre områder, me har gjort oss avhengige av innkjøpte innsatsfaktorar

**«Greier dei å bryte med det produktivistiske paradigmet?»**

og me har skipla balansen mellom natur og kultur i eit omfang som har gjort elles så fruktbare jordbruksområde om til ørken. Og det er ein einaste grunn til det, nemleg pris».

Jau da, han har eit poeng her den unge bonden. Industrienkinga som kom med det somme kallar det «det produksjonistiske paradigmet» på 50- og 60-talet, eit paradigme som sette seg som ein permanent landbrukspolitisk ideologi i perioden då Earl Butz leia dei amerikanske landbruksdepartementet under President Nixon, har ført til ei konsentrering av jordbruksproduksjonen kring om i heile den vestlege verda. Men

i dag ser me det me lenge har vist ville skje. Me ser tørke, flaumar og brannar som alt kan slå ut store delar av verdas matvareforsyning på kort tid. Me ser flyktige råvareprisar der matkorn så vel som grovfôr kan bli dobbelt så dyrt på eit par dagar. Me ser tidlegare så rike jordbruksområde så utarma på mold at all næring som trengst for at noko skal gro må tilførast fleire gongar i året. Me ser at tapet av artsmangfaldet i jordbruksområda våre skjer så raskt at me knapt evnar å registrere det.

«Det er på tida at verdas politikarar og landbruksbyråkratar startar drøfte korleis me skal få dette systemet på hengslene att», avsluttar den unge bonden før han trakkar i støvlane og gjer seg klar for å ta fjøset.

Og neste månad går FN's Food System

Summit 2021 av stabelen i New York, her skal nettopp verdas landbrukspolitkarar og -byråkratar drøfte korleis me skal få dette systemet «på hengslene att». Men greier dei å bryte med det produktivistiske paradigmet? Sjølv minnest eg råvarekrisa i 2007 – 2008 – ei krise som fekk folk til å slå kvarandre i hel for eit kilo matkorn i Kairos gater – her heime førte den krisa berre til ei landbruksmelding frå dåverande landbruksminister Lars Peder Brekk som igjen pensa den norske landbrukspolitikken inn på det produksjonistiske sporet.

Bjørn Egil Flø,  
 agrarsosiolog, NIBIO  
 bjorn.flo@nibio.no

## DUNCE AV JENS K STYVE

